

KNALLPROGRAM PÅ KLUBBEFESTEN

– ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk...

laurdag 2. november 2013 kl 19.00 er det duka

Set av kvelden 2. november med det same, for då kjem dei to du ser her med eit prima program! Duoen Linda Gytri & Dag Vanberg frå Oldedalen og Innvik i Nordfjord skal underhalde på den tradisjonsrike Klubbefesten!

Linda Gytri, nominert til årets Folkelarmpris, spelar trekkspel og har hausta glitrande kritikkar for soloplatå si *Umbra* i fjor haust (CD-en kan du kjøpe på festen og sikkert få signert). Ho spelte seg til tittelen Norgesmeister alt som 18-åring, og har no mastergrad i folke-musikk og underviser i kulturskulen i Stryn.

FOTO: Ole Eitvik foto ©

for **duoen Linda Gytri & Dag Vanberg!**

Dag Vanberg er ein framifrå diktlesar og formidlar av gamle folkesongar, er oppteken av lokalhistorie og har

mange gode forteljingar på lur. Saman vil dei underhalde med trekkspeltonar, tekstar av Elling Vanberg og songar etter Dag sin beste-

far Ola M. Vanberg. Her blir det rom for feiande valsar, gode skrøner – både skjemt og litt alvor, på underfundig, nordfjordsk vis.

Klubbefesten, haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskylde, samlar folk

ved festpynta langbord i Storsalen fyrste laurdagen i november kvart år! Klubben vert som vanleg laga på steinmale byggmjøl frå

Fjelli, med mykje godt til. Og Nordfjordsongen, Klubbevisa og eit par andre blir sungne av full hals og på mett mage. Dansemusikken, **Fanteladdane** – med innslag av folk frå fylket, syter for drivande godt dansespel.

Så få med deg folk og kom på Klubbefesten i Storsalen i Nordahl Bruns g. 22, laurdag 2. november kl. 19!

Påmelding og pris:

Festen kostar berre 300 kr. for medl. og 400 kr. for andre. Det er svært rimeleg for full middag, fyrsteklasses underhaldning og dans til levande musikk!

Påmeldingsfrist er måndag 28. oktober.

Meld dykk på anten til: Jofrid Holter, e-post: **jofrid.holter@hioa.no** tlf. 975 91 542, eller til: Anny Sollid, e-post: **anny.sollid@online.no**